

Utskrift for elever

Dette er oppskrifta for å installere skrivarar på di Windows-maskin.


PS: Du må vere kopla til skulen sitt trådlause nett.

Opne «Utforskar» (Filbehandlaren)

I adresselinja øvst skriv du: [\\sfj-safecom-01.uv.sfj.intern](http://sfj-safecom-01.uv.sfj.intern) og trykker Enter.

Det kjem opp eit påloggingsvindu, skriv **ad\dittbrukarnamn** t.d. ad\birnor30 og deretter passordet ditt (same som fronter).

Ei lang liste over skrivarar dukkar opp. Dei aktuelle for SJH er følgjande:



Høgreklikk på skrivar og vel «Koble til...» Dette tek tid så ver tolmogig....

Aktivering av ID-kort ved første utskrift.

Første gong du skriv ut kjem ikkje utskrifta på skrivaren før du har fått identifisert kortet ditt. Når du dreg kortet ditt på skrivaren første gongen vil det stå «Ukjent brukar» og du får du beskjed om å taste inn puk-kode. **Trykk på «Avbryt» og skriv inn brukarnamnet og passordet ditt.** Neste gong du skal hente utskrift du har sendt dreg du berre kortet og vel kva du vil skrive ut. Hugs å alltid logge deg av igjen, ved å dra kortet på nytt eller logge av på skrivaren.

Som elev har du ein fri kvote på kr 200,-. Farge kostar langt meir enn svart/kvitt-utskrift. Du kan følgje med kvoten din på skrivaren.

Utskrift frå PC, Mac, smarttelefon eller nettbrett

Når de er tilkopla trådlaut nett på skulen kan du skrive ut frå både PC, Mac, mobiltelefon og nettbrett ved å logge på nettsida <http://sfj.no/ep> (Everyone Print). Bruk ditt vanlege brukarnamn/passord (same som fronter m.m.).



Mine utskriftsjobber Webutskrift Driver Print Email Print

Når du har logga inn kan du laste opp dokument som då vert sendt til skrivar. Det vert ikkje skrive ut før du går til skrivaren og dreg ID-kortet - sjå nedanfor.

Du kan også legge inn lenkje til ei nettside du vil skrive ut (Webutskrift), eller sende utskrift via e-post til **skrivut.sfj.no** Vedlegg til eposten vert då sendt til skrivarkø. Info finn du under «Email Print»

Sogn Jord- og Hagebruksskule

4. september 2015